

# **Bestandssituasjonen for torsken i Barentshavet og fisket i åra framover**

Dei siste par åra har det norske fisket etter torsk vore godt. I vinter har det, trass i ulaglege vertilhøve, vore tildels svært godt for einskilde brukstypar og fartøyklassar. Samstundes driv vi ved Havforskningsinstituttet og manar til varsemd i beskatninga av torsk. Kvifor gjer vi det?

Før eg svarar på dette spørsmålet skal vi sjå litt på nokre enkle biologiske kjennsgjerningar når det gjeld torskene i Barentshavet.

## Vekst og kjønnsmodning

Nedanfor er ein tabell som viser kor mykje ein «gjennomsnittsfisk» veg ved ulik alder, og kor gammal fisken er når den tek til å gyta (blir skrei).

Alder	Vekt i kg (rund vekt)	Kjønns- modning
3	0,7	Ingen
4	1,0	Ingen
5	1,6	Ingen
6	2,4	Nokre
7	3,5	Ein del
8	4,7	Meste- parten

Når fisken er eldre enn 8 år reknar vi med at alle individua er kjønnsmoden. Fisken veg då ca. 4,7 kg eller meir i rund vekt, og dette er den fisken som kjem før å gyta (skreien). Sløyd og hovudkappa vil denne fisken vera vesentleg lettare. Vi brukar ein omrekningsfaktor frå sløyd og hovudkappa fisk til rund vekt på 1,6 for skrei. Dette medfører at når skrei-innslaget er dominert av fisk som er 8 år og eldre, vil vekta for sløyd og hovudkappa fisk i Lofoten vera frå ca. 3 kg og oppover.

I år er mykje av 7-åringane vorte kjønnsmodne (kanskje mesteparten). Dette er fisk frå 1975-årsklassen og sidan den dei siste åra har vore — og framleis er — den mest talrike av dei noverande torskeårsklassane, vil denne «småfisen» dominera i skreibestanden.

Gjennomsnittsvekta på denne fisken er 3,5 kg rund vekt, som svarar til 2,2 kg sløyd og hovudkappa vekt. Sidan det kan vera at det er dei største individua i årsklassen som først blir kjønnsmodne, kan det henda at fisken er litt større enn dette. Men det er heilt rimeleg og i tråd med alle tidlegare observasjonar at skreien i år er liten, og at mykje av den berre veg rundt 2,5 kg «slaktevekt».



For ME'A av  
havforsker  
**Odd Nakken**  
(Havforsknings-  
instituttet)

Ein annan ting som også klårt fram-  
går av tabellen er at fisken doblar vekta  
si — både rund vekt og slaktevekt — frå  
6 til 8 år. Dette tilseier at det har inga  
hast med å fiska denne fisken. Dei næ-  
raste åra blir den atskillig større, og ein  
vil få mykje meir att i kg om eit par år  
enn det ein «taper» i år.

Spar på skreien!

**K**vifor skal ein spara på skreien? I alle år har havorskarane hevda at det er ungfisken, 3–5 år gammal fisk, som må sparast. Men no når det endelig vart godt med skrei, så skal også den sparast.

Arsakene til at det no må sparast på skreien kan delast inn i tre hovedpunkter som heng nøyne sammen:

1. Svært lite ungfisk i Barentshavet
  2. Omsynet til det norske fisket i de nærmeste 4–5 åra
  3. Omsynet til gytebestanden og dermed til framtida både for bestanden og for fisket.

## **Ungfisksituasjonen**

**F**ig. 1 viser lengdefordelinga av torsk Barentshavet i februar 1978, 1980 og 1981. Figuren talar i grunnen eit tydeleg språk, men eg skal kort kommentera ho-

vudtrekka. I 1978 var mengda av småfisk i Barentshavet stor. Der fanst etter måten store reservar av fisk mellom 20 og 40 cm. Dette var fisk som vesentleg tilhøyrd 1975-årsklassen. I 1981 var meste-parten av fisken mellom 40 og 70 cm, den neste toppen omkring 30 cm var for liten til å kunna kallast nokon reserve. I 1982 er biletet heilt tydeleg; der er lite og ikke fisk under 40 cm. Korkje vi eller russiske forskarar har nokon gong registrert mindre mengder av småfisk enn no i 1982.

I fig. 1 kan ein også sjå korleis mengda av fisk mellom 40 og 70 cm har minka frå 1981 til 1982. Denne minken kan synast drastisk, men mykje av den skuldast at fisken er blitt kjønnsmoden og var sør-over langs kysten på gyteferd då målin-gane vart gjorde. Ein ikkje uvesentleg del skuldast fiske i 1981, som vart på om-lag 400 tusen tonn, og mesteparten av denne fangsten var fisk av storleik 50–70 cm.

## **Bestandssituasjonen og fisket i åra framover**

**E**in treng ikkje å vera havforskar for å skjøna at mangelen på småfisk og ung-fisk i Barentshavet må få konsekvensar for bestandssituasjonen dei nærmaste åra. Fig. 1 viser tydeleg at der vil bli lite og ikkje rekruttering til den fiskelege delen av torskebestanden i mange år fram-over. I 1983 og 1984 vil resten av den ungfisken som no er vist i Fig. 1 bli kjønnsmoden.

Skreibestanden vil truleg auka nokon framleis (avhengig av fangsuttalet), men reservane av ungfisk i Barentshavet som skal tryggja det norske fisket i åra 1985—1987, er svært små. Sikraste og kanskje einaste måten å få til eit noko-lunde jamnt årleg fiske på i mange år framover, er derfor å spara på den fisken som allereie er inne i fisket. Frå og med neste år vil dette i alt vesentleg vera skrei.

#### **Omsynet til rekrutteringa**

I mange år har no gytebestanden vore lågare enn det som er ynskjeleg av om-syn til rekrutteringa. I år og dei nærmaste par åra vil den vera såpass stor at sjansen for å få eit godt resultat av gyttinga, er rimelag stor. Storleiken på gytebe-standen i 1983 og 1984 vert avgjord av

fisket i 1982 og 1983, og det er tvingande naudsynt at fangsttakket no og i tida framover ikkje blir for stort. Det einaste som kan få denne bestanden på føte att, er ein eller fleire sterke årsklassar, og dersom gytebestanden no vert fiska for

hardt minkar sjansen for dette. Derfor, spar på skreien!

Tilslutt! Det er sjølv sagt at ungfisken må vernast. Dette er den sikraste langtidsgarantien mot at situasjonen i framtida skal bli slik som den er no.





Fig. 1. Antal og storleik (totallengde) av torsk i Barentshavet i 1978, 1981 og 1982. Resultata er frå årlege tokt i februar—mars.

## KIRK LENSEPUMPE



### HAR DISSE FORDELER:

- ★ Tåler å gå tørr.
- ★ Lenser urenhet som twist o.l.
- ★ Pumpehus av oljebestandig plastikk, samt
- ★ bakplate og gear box av sjøvannsbestandig aluminium.
- ★ Pumpehuset kan enkelt snues.
- ★ Leveres for 12 eller 24 volt.

### TEKNISKE DATA:

Dim. 190 · 185 · 300  
Flensdim. 1½''  
Kapasitet: Ca. 1000 l/time  
Sugehøyde: Max 2 m  
Trykkhøyde: Max 5 m  
Strømforbruk: 2—6 A (avhengig av løftehøyde).

### ENEIMPORTØR:

O.S. Solhaug %

IMPORT - AGENTUR -  
AUT. INSTALLATØR

BRATTØRGÅRD 1 -  
7000 TRONDHEIM -  
TELEFON (075) 26 211

(ME'A 3/82)

## Svak ernæringsopplysning i pressen

Aviser og ukeblad er dårlige kilder for kunnskap om kosthold og ernæring, går det fram av en undersøkelse av artikler om mat, kosthold og ernæring i et utvalg norske aviser og ukeblad som er utarbeidet for Statens Ernæringsråd. Ukebladene har mange oppskrifter, men det er lite oppskrifter som direkte eller indirekte oppfordrer til økt forbruk av brød eller poteter. Likeså er det få oppskrifter på bruk av fisk, mens det er hele kokkekurs for kjøtt, heter det bl.a. i rapporten fra undersøkelsen. En forbrukerundersøkelse viser klart at pressen har stor betydning som informasjonskilde for kunnskap om kosthold og ernæring, og den har dermed også et stort ansvar for hvilken informasjon leserne får.

## AP-NAVIGATOR

Forhandler:  
**ING. ARNE HAY**

Harstad — Tlf. (082) 63 566